

Sissel Brodal og Arne Nygårdsmoen: Kven vann propagandakrigen om Hue?

Særprent frå Syn og Segn 1971, hefte 6.



Hue 1968: Amerikanske marinesoldatar i ruinane. (Foto: Paris Match.)

Kampen om keisarbyen

Amerikanarane har «feira» treårsjubileet for det dei kallar «vietcong-massakren i Hue», bl.a. ved å sende ut «informasjonsstoff» om det som skal ha skjedd. Den amerikanske framstillinga av hendingane i Hue ser ut til å vere allment godteken. Vi vil sjå litt nærare på dette.

Først nokre ord om sjølve byen Hue. Vi siterer frå Keesing's Contemporary Archives (eit slags samtidsleksikon som gjev detaljerte utgreiingar om aktuelle politiske hendingar kvar veke): «Hue, som har eit folketal på 145 000, er delt i to av Huong(Parfyme)-elva: i nord den gamle bydelen med citadellet, i sør den nye bydelen (det tidlegare franske administrasjons- og bustadskvarteret, der universitetet ligg). Citadellet vart bygd av franske ingeniørar for keisar Gia Long i 1810. Det er eit rektangulært område, om lag fem kilometer langt og fire kilometer breitt; omkring står murar som er seks meter høge og opptil fire meter tjukke. Det er òg verna av elva på sørsida og graver på dei tre andre sidene. Inne i citadellet ligg keisarbyen, som òg er innringa av tjukke murar. Der ligg dei gamle keisarpalassa med vakre hagar kring.» (Keesing's Contemporary Archives 18.–25.5.68.)

FNL hærsette Hue 31. januar 1968. Hærsetjinga var ein lekk i Tet-offensiven, da FNL gjekk til storstilte åtak over heile Sør-Vietnam. Hue var hovudstaden i det tidlegare vietnamesiske keisarriket, og dei fleste innbyggjarane var buddhistar som «i fleire år har vore fiendslege til Saigon-regimet. Opprør retta mot regjeringa har ofte hatt anti-amerikansk karakter. Buddhist-oppstanden i 1963 som førte til at president Ngo Dinh Diem vart styrta, byrja i Hue. I april 1966 reiste folket seg, med studentane i spissen, mot marskalk Nguyen Cao Kys regjering. Opprøret vart slått ned med makt to månader seinare» (Keesing's).

Sette FNL i verk ein gigantisk massakre i Hue då dei tok denne sørvietnamesiske byen under Tet-offensiven for vel tre år sidan? Dette har vore hevda tallause gonger i norsk og

utanlandsk presse sidan. Forfattarane av denne artikkelen legg fram eit materiale – mest frå amerikanske kjelder – som tyder på at rapportane har vore misvisande.

Dette skjedde: FNL-styrkane møtte lite motstand. Alle stillingane til regjeringsstroppane, unnateke ei, vart raskt tekne. Noko av det første FNL-styrkane gjorde, var å sleppe fri omkring 3000 politiske fangar. Ein stor del av lærarane og studentane ved universitetet slutta seg til FNL, men det vart ikkje nokon masseoppstand. (Keesing's.)

Om støtta FNL fekk hos folket, skriv US News & World Report (konservativt, halvoffisielt organ for Big Business) 26.2.68: «At dei raude styrkane var landsomfattande samordna, vart snart prova. Det vart òg viljen hos folk på landsbygda og i landsbyane til å hjelpe geriljaen i det eine tilfellet etter det andre. I Saigon, Quang Tri og Hue fekk geriljaen openlyst hjelp frå byfolket.»

Amerikanarane og sørvietnamesarane gjekk til harde motåtak. I midten av februar hadde dei omringa FNL-styrkane i citadellet. FNL held ut der til 26. februar, da dei måtte dra seg attende. Det var amerikanarane som gjorde jobben; dei utførte det dei sørvietnamesiske regjeringsstyrkane verken ville eller makta, dvs. tok att byen. US News & World Report skriv, 4.3.68: «I byrjinga vona dei amerikanske offiserane, av politiske grunnar, at sørvietnamesiske troppar skulle vere i stand til å ta att citadellet. Amerikanarane var særleg lite lystne på å bli gjorde ansvarlege for å ha øydelagt den største arkitektoniske skatten i Vietnam. Men dei sørvietnamesiske styrkane var ikkje i stand til å snu straumen. Fiendens styrke var sterkt undervurdert. Amerikanske troppar fekk oppdraget: Driv dei raude ut.»

Da amerikanarane hadde fullført oppdraget, var det lite att, anna enn grushaugar og ruinar. I eitt tilfelle krinsa væpna helikopter over hustaka, og saman med lågtflygande bombefly og kanonar frå flåten skaut dei på alt som rørte seg. Samstundes øydela tanks frå marinestyrkane systematisk byen, kvartal for kvartal. Le Monde rapporterte: «Ingen stor by i Det fjerne aust er blitt så øydelagd sidan kampane i Seoul under Korea-krigen [...] Store delar av denne vakre byen er utsletta.» Av dei 145 000 innbyggjarane var 113 000 blitt heimlause flyktningar. 13. februar hevda Reuter at dei amerikanske troppane systematisk hadde redusert Hue til småstein. UPI melde 14. februar at amerikanarane nytta gass og napalm under kraftig bombing. Samstundes sa UPI at 80 prosent av byen var øydelagd.

US News & World Report 26.2.68: «... kamp i dagevis frå hus til hus med tanks, morterar, maskingevær, artilleri og tåregass valda store øydeleggingar. I byrjinga tvika dei med å nytte tunge våpen mot heilagdomen [citadellet]. Amerikanske marinetroppar som freista å storme ein port, vart slått attende med store tap. For å unngå store tal såra og drepne vart til slutt luftstyrkar sette inn av amerikanarane.» Reuter melde at 90 prosent av Hue var øydelagd.

Time skriv 15.3.68 om øydeleggingane: «Det var her det 24 dagar lange slaget om Hue stod, det mest målretta av 35 kommuniståtak mot sørvietnamesiske byar. Omkring 5300 sivile vart drepne i alt, av dei 4100 i Hue. 4500 andre vart alvorleg skadde. Det eksisterande flyktingtalet på 250 000 auka med 107 000, derav 90 000 frå Hue åleine.» (Sven Öste i Dagbladet eit år etterpå: «Av selve byen Hues omlag 20 000 hus er 14 300 bokført som helt eller delvis – mer enn 50 % – ødelagt, mens vel 3800 er forsynt med merkelappen '20 til 50 % skadd'.»)

Kva så med dei militære tapa? Keesing's: «Tapa i slaga om Hue var store på begge sider, sjølv om dei offentleggjorde tala varierer sterkt. Etter offisielle amerikanske kunngjeringar vart 119 amerikanarar drepne og 961 sårar, 363 regjeringsoldatar drepne og 1242 sårar, og 4173 nordvietnamesarar og vietcongsoldatar drepne. Offisielle sørvietnamesiske kjelder set talet på drepne nordvietnamesarar og vietcong til 2934. Det nordvietnamesiske pressebyrået hevdar at meir enn 12 150 regjeringsoldatar og amerikanske troppar, derav 2223 amerikanarar, vart drepne eller sårar.»

Etter Aftenposten 6.2.68 melde Sør-Vietnams etterretningsteneste at det var 12 000 kommunistiske soldatar i og omkring Hue, medan USA's rapportar melde om 3500 kommunistisoldatar same staden. (Jamfør tala ovanfor med amerikanske tal på drepne «kommunistar».) 16.2.68 heiter det i Aftenposten at FNL er omringa inne i citadellet, og at 1200 mann er på veg for å hjelpe dei. Eit par dagar seinare melder avisa at desse troppane er blitt bomba, og at frammarsjen deira dermed er stansa for godt.

Alan Cohen er ein amerikansk soldat som var stasjonert på Kagnew-basen i Etiopia i åtte månader. Han vart intervjuva av Mark Lane i boka «Ikke bare Song My» (Gyldendal 1970). Han fortel at tapstala som amerikanarane offentleggjer, blir «pynta på», og han seier: «[...] fiendens tapstall ble overdrevet i høy grad [...] Det var ganske vanlig. Vi så det hele tiden [...] Hvis en pelotong amerikanske soldater ble tilintetgjort og tredivet mann ble drept under en kort trefning, noe som hendte av og til, stod det i rapporten til pressen: 'to drept, seks såret.' Dette var i 1968 da det pågikk harde kamper.»

Eit anna interessant poeng: T.F.C. Vetlesen skriv i ein kronikk i Morgenbladet 20.10.70 at «12 000 kommunistiske soldater, storparten av dem regulære nord-vietnamesere, rykket inn i Hue 30. januar». Denne kronikken byggjer berre på opplysningar frå den amerikanske ambassadens presseteneste, skrivne av Douglas Pike. (Vetlesen opplyste dette personleg til ein av oss i ein telefonsamtale.) Douglas Pike er «offentleg tenestemann» på etterretningsfronten, og



Kamp ved porten på vestsida av citadellet i Hue 1968. (Foto: Republikken Sør-Vietnams provisoriske revolusjonære regjerings informasjonsbyrå, Oslo.)

ein av hovudleverandørane av stoff om Vietnam-krigen til US Information Service, som opererer saman med dei amerikanske ambassadane i alle land. Både Douglas Pike og Vetlesen nyttar som vi ser helst tal frå den sørvietnamesiske etterretningstenesta, framfor dei meir smålåtne offisielle amerikanske tala.

Resultatet av kampane om Hue var altså dette: Opptil 90 prosent av byen øydelagd, 90 000 flyktningar, bortimot 10 000 sivile drepne eller hardt sår, etter offisielle amerikanske kjelder. Dette hadde amerikanarane gjort, og det skulle ikkje bli så lett å rettferdiggjere.

Sjølv US News & World Report syntest det såg noko håplaut ut og skriv i eit anfall av etterpåklokskap 1.4.68 (under tittelen «Kvifor USA ikkje vinn ein 'liten' krig»):

«Det er allmenn semje om at amerikanarane på visse område ikkje kan og ikkje bør tillempa vietcongs taktikk. T.d. nyttar vietcong ofte overlagd terror i landsbyane for å skape frykt. Dette vil seie at ingen

som samarbeider med amerikanarane eller Saigon, kan vere trygg for hemnaksjonar. Denne kommunistterroren framkallar lite kritikk i resten av verda. Men kvar gong amerikanarane nyttar napalm mot væpna fiendslege troppar – noko som er ei langt mindre brutal handling enn det at vietcong hogg hovudet av hjelpelause kvinner – vekker det kritikk og protestar rundt om i verda. USA kan ikkje vinne dette spesielle propagandaslaget nett no. Men det er gode sjansar for at USA kan gjere ting som må gjerast, og samstundes parere ein del kritikk, ved å nytte ein meir fantasifull og mindre defensiv taktikk.

I slaget om Hue var det t.d. sterke taktiske og humanitære grunnar til å nytte ikkje-dødeleg, mellombels døyvande gass, som ville ha spart citadellet, hovudstaden i keisarriket Vietnam og den største kunstskatten i landet. Dette ville sikkert òg ha spart mange amerikanske og vietnamesiske liv.

Men otten for fiendsleg propaganda hindra bruken av jamvel ikkje-dødeleg gass. Derfor vart tunge bomber og granatar pøste inn over Hue, og det valda store tap og øydela store delar av citadellet.

Nokre tenestemenn seier no at den einaste måten USA kan vinne inn det tapte i propagandakrigen på, er ved å ta initiativet sjølv.

I Hue ville desse tenestemennene ha teke initiativet ved å kunngjere på førehand at ikkje-dødeleg gass ville bli nytta, med opplysning om når og kvar. Etterpå ville dei ha nytta gassen. USA ville så, ope og ærleg, kunngjere resultat, i staden for – som det ofte blir gjort – å freiste løyne eller glatte over slike ting.»

Psykologisk krigføring

Gass vart nytta i stor utstrekning. Men det var ikkje ikkje-dødelege gassar, og dei sparte verken kunstskattar eller liv.

Situasjonen såg ikkje lys ut for amerikanarane på propagandafronten. Om verknaden av Tet-offensiven generelt klipper vi frå Time 15.3.68: «'Nokre provinsar er unnatak,' seier sjefen for USA's psykologiske krigføring i delta-området, Fitzhugh Turner, 'men stort sett sit vi fast.'»

Det vart etter kvart tvingande nødvendig for amerikanarane å vise litt initiativ i propagandakrigen. Alt 26.2.68 (merk datoen!) skreiv US News & World Report:

«Prisen for kampen om Hue var stor, i verdiar og i tradisjonar – og i menneskeliv. Men den endelege avgjerd om kven som vann eller tapte slaget, kan vise seg å liggje i kven som i siste instans får ansvaret for øydelegginga: Vietcong eller USA.

Ein jesuittprest med mange år bak seg i Hue sa: 'Desse menneska er rett-tenkjande. Vietcong skaut sønene deira. Dei hatar vietcong.'

Andre var ikkje så sikre på at øydelegginga av Hue ville slå attende på kommunistane. Nokre observatørar sa at det einaste håp var eit omhyggeleg program for psykologisk krigføring, der skylda vart lagd på Hanoi, kombinert med eit raskt atterreisingsprogram.»

Er vi no komne fram til «vietcong-massakrane» i Hue? Nei, det er framleis tale om resultata av kamphandlingane. Kjensgjerninga er nemleg at mange journalistar var i Hue heile februar månad (iallfall er meldingane deira daterte i Hue), dvs. så lenge kampane varte. Men ingen av dei skreiv eit einaste ord om nokon massakre, og dei skulle kunne vite kva som gjekk for seg.

Enno var ikkje «eit omhyggeleg program for psykologisk krigføring» sett i gang.

Først over ein månad seinare tok det til å kome meldingar i pressa om «kommunistmassakrar». Keesing's fortel at den sørvietnamesiske hæren den 23. april 1968 offentleggjorde ein rapport som bygde på «omfattande undersøkingar, og som vart stadfest av den amerikanske ambassaden i Saigon 30. april». I ei melding sendt ut av USA's informasjonsteneste 24.4.68 blir denne rapporten referert i ein artikkel av Joseph L. Dees. Artikkelen fortel om funn av massegraver, men overtydande «augevitneskildringar» er det smått med. Utover våren kom det stadig fleire slike rapportar om massegraver.

«Det fellande prov» dukka likevel ikkje opp før 24. november 1969, 21 månader etter at massakren skulle ha skjedd – merk tidspunktet, for det var nett på denne tida at rapportane om massakren i Song My kom fram i pressa og ikkje lenger let seg løye.

I ei AP-melding datert Saigon 24.11.69 heiter det:

«Kommunisttroppar som hærsette Hue under Tet-offensiven i 1968, 'eliminerte' 2900 vietnamesarar, fortel eit erobra kommunistdokument som vart offentleggjort i dag.

Offisielle kjelder her la fram dokumentet medan den amerikanske hæren driv sine undersøkingar av massakrane på mellom 100 og 567 landsbybuarar, som skal vere utførte av amerikanske troppar 16. mars 1968.

Ein amerikansk talsmann vedgjekk at kynikarar ville sjå på den hastige framlegginga av dokumentet som ein freistnad på å ta brodden av den vedvarande propagandaen frå Nord-Vietnam og vietcongs side. Dei klagar amerikanske troppar for masse mord.

Men han sa at dokumentet – som hadde lege i militære arkiv i nesten seksten månader – ikkje vart oppdaga før i førre veka, da ein avismann som samla materiale til ei bok om Hue, bad om å få sjå

erobra dokument om saka.

'Eg veit det høyrest utruleg, men det er sanninga,' sa han.

Han sa òg at dokumentet vart erobra nær Hue av amerikanske troppar frå 1. Air Cavalry Division 25. april 1968, under etterdønnin-gane av dei blodige kamphandlingane som tok til i den gamle keisar-byen 30. januar.

Amerikanske og sørvietnamesiske tenestemenn trur at vietcong og nordvietnamesiske troppar massakrerte meir enn 3000 menneske i Hue-området under Tet-offensiven. Til no er lik av 2737 offer funne i sanddynene og elveleia rundt Hue og i sjølve byen.

Det erobra dokumentet som vart offentleggjort i dag, kalla åtaket på Hue fullt ut vellykka, og det heiter: 'Hue var ein stad der ei reaksjonær ånd hadde rådd i meir enn ti år. [Jfr. lenger framme i denne artikkelen, der Keesing's seier det stikk motsette.] Men det tok oss berre kort tid å rykkje det reaksjonære opp med rota.'

Det heiter vidare i dokumentet: 'Vi eliminerte 1892 administrative tenestemenn, 38 politimenn, 790 tyrannar, 6 kapteinar, 2 løytnantar, 20 sekondløytnantar og mange underoffiserar.'

Det heiter òg at 160 'marionett'-soldatar gav seg over til kommunisttroppane.»

(Frå offisielt nordvietnamesisk hald blir det opplyst at 5000 marionett-soldatar deserterte i den månaden slaget om Hue varte.)

Massegraver – med helsing frå Pentagon

Wilfred Burchett er ein kjend ekspert på Sørøst-Asia. Han har vitja landa der mange gonger, og har skrive fleire bøker om den politiske utviklinga. I ein artikkel i det uavhengige venstreorienterte amerikanske veketidsskriftet Guardian (attgjeven i det svenske Kommentar nr. 1/1970) skriv han:

«23. april 1968, to månader etter øydelegginga og okkupasjonen av Hue, fann Saigon-hæren opp myten om 'vietcong-massakren' – etter at ei avdeling for psykologisk krigføring hadde gjort visse ordningar med lika – og viste til massegravene som prov. Den amerikanske ambassaden i Saigon granska provet høgtideleg og 'godkjende' det seinare i veka. 'Vietcong' får skylda for USA's grufulle massebord. Og no blir myten brukt på nytt – som motvekt til massakren i Song My.

Eit vestleg pressebyrå rekna dei sivile tapa i Hue til mellom 2000 og 3000, om lag det talet på drepne som blir tilskrive FNL. Dette lureriet er fullt ut i samsvar med USA's oppkonstruerte 'lik-rek-

gar'. Kvart spedbarn og kvar olding som vart drepent av amerikane, blir ført opp som enda eitt offer for 'vietcong'.

Kvar gong den amerikanske propagandaen treng noko nytt for å leie merksemda bort frå dei alt talrike avsløringane om USA's gjerningar, blir ei ny 'vietcong-handling' oppfunnen. Hadde ikkje gravene i Hue eksistert, ville den amerikanske propagandaen vore nøydd til å finne dei opp. Men dei eksisterer – med helsing frå Pentagon.»

Duong Dinh Thao, medlem av Den provisoriske revolusjonære regjeringa i Sør-Vietnam og delegat ved Paris-forhandlingane, har bl.a. sagt:

«Ein må kome i hug at 80 prosent av dei sentrale delane og utkantane av Hue vart øydelagde av amerikanske fly og amerikansk artilleri i februar og mars 1968. 30. januar og 11. februar vart det katolske Phu Cam-seminaret bomba av amerikanske fly og alvorleg skadd.

1. februar vart sentralsjukehuset i Hue, som ligg på høgre breidda av Parfyme-elva, hardt bomba. Pasientane, mellom dei mange marionett-soldatar, sivile og tenestemenn, vart drepne på flekken. 11. februar valde amerikansk artilleri Dong Khanh og Quac Hocs småbarnskolar som skyteskive, og mange elevar og lærarar vart drepne. 12. februar øydela amerikanske bomber Bao Quac-pagoden heilt. Hundretals sivile flyktningar og buddhistprestar vart drepne der. Våre soldatar fekk dra lika fram frå ruinane og gravleggje dei i massegraver under luft- og artilleri-bombing både dag og natt.»

Det ville føre for langt å kome med fleire sitat som støttar opp om det Burchett seier. Men vi viser t.d. til Sven Öste i Dagbladet 7.1.69, der han bl.a. intervjuar ein sørvietnamesar i Hue som «ikke er kommunist-sympatisør», intervju med den amerikanske soldaten R. Sansiviero i Mark Lanes «Ikke bare Song My» (s. 83–84), brev til senator Cranston frå den amerikanske soldaten Bill Stephenson i South Vietnam in Struggle nr. 78/1970, intervju med Tran Van Dinh (tidlegare diplomat ved den sørvietnamesiske ambassaden i Washington) i The New Republic 6.11.69, G.I. Press (uoffisielt organ for amerikanske soldatar) 25.12.69, og det nederlandske tidsskriftet HP Magazin, 3.–9.12.69 (augevitneskildringar frå ein lege som var i Hue i februar 1968).

Til slutt vil vi berre ein gong til sitere Wilfred Burchett (Kommentar 1/1970):

«Kan hende Song My-massakren og andre døme på USA's skamelege gjerningar hjelper til å opne auga på det amerikanske folket, slik at det kan sjå kven som i røynda driv terror i Vietnam.

Om det amerikanske folket berre kunne fatte kvifor deira soldatar

tapar i Vietnam, da ville dei òg fatte kvifor alle historier om 'viet-cong-handlingar' ikkje er sanne. Dette er ein folkekrig. Eit heilt folk slåst mot amerikanske inntrengjarar. For FNL vil det å drive terror mot folket vere det same som å drive terror mot seg sjølv.

Rett nok er det sant at FNL-hæren avrettar visse av Saigon-regimets politikarar og leiarar i landsbyar som blir kontrollerte av Saigon-regimet. Dei ser på desse menneska som landssvikarar mot Vietnam. Visst har det hendt at sivile ved ulykkesfelle er drepne av FNL-kuler. Men kvar og ein som skjønar kva ein folkekrig inneber, skjønar òg at FNL gjer alt dei kan for ikkje å skade sivilfolket.»

Mariendals Boktrykkeri A.s, Gjøvik